


INFORMASJON TIL INNBYGGERE I ÅRDAL

Frå Hydro Aluminium Årdal Metallverk

Informasjon i samsvar med offentlig regelverk etter Storulykkeforskriften



Føremålet med dette informasjonsskrivet er å gje deg, som nabo til Hydro Aluminium i Årdal, informasjon om kjemiske stoff og situasjonar som kan representere fare, ved eventuelle uføresette hendingar ved bedrifta – samt kva beredskapstiltak bedrifta har og kva forholdsreglar de som befolkning kan ta. Denne informasjonen er i tråd med myndigheitenes «Forskrift om tiltak for å førebygge og redusere konsekvensane av storulykker i bedrifter der farlege kjemikalier førekjem (Storulykkeforskriften)».

Fare for storulykke:

Hydro Aluminium Årdal Metallverk har store lagertankar med flytande brennbar gass (LPG) både på Årdalstangen og i Øvre Årdal. Det er i tillegg 2 store lagertankar med Bek på Årdalstangen, og 1 tank med Oksygen i Øvre Årdal. Ved anlegget i Øvre Årdal vert det og lagra inntil 200 tonn brukt katodefôring (SPL). Dette medfører at Bedrifta, i samsvar med offentlig regelverk (Storulykkes forskrifta) skal informere allmennheita minst. kvart 5. år om aktuell risiko og alarminstruksjonar ved evt. ulykker.

Mogleg verknad på menneske og miljø:

LPG:

Den verst tenkelege hendinga som kan skje er at ein LPG-gasstank vert varma opptil brestepunktet, rivnar slik at store mengder gass kjem raskt ut og antenner. Da vil vi kunne få ei kortvarig eldkule. Ei slik hending vil kunne påverke store deler av lokalsamfunnet. Det er gjennomført fleire risikovurderingar som tilseier at moglegheita for at ei slik hending kan skje ved vårt LPG-anlegg, er tilnærma lik null.

Det er og risiko for mindre brannar eller lekkasjar knytt til LPG-anlegget. Skulle det oppstå ein lekkasje, vil en kunne lukte gassen sjølv ved lave konsentrasjonar da den er tilsett eit sterkt lukststoff. LPG er tyngre enn luft, og vil bevege seg nedover mot det lågaste punktet i omgjevnaden. Den kan også samle seg i rør og kanalar. Skulle dette skje, er det viktig å holde avstand og unngå bruk av open eld eller utstyr som kan avgje gnister.

Petroleumbek:

Den mest alvorlege hendinga som kan inntreffe i samband med lagring av bek, er brann i bektank-anlegget. Det vil da verta danna ei røyksky som ein må anta vil innehalde skadelege gassar. Konsekvensen av ei slik hending vil avhenge av vindretning, men kan i verste fall medføre behov for evakuering av personar i røykgassens nedslagsfelt. Ei anna alvorleg hending vil kunne vere større lekkasjar, som vil kunne føre til at flytande bek renner ut i grunnen og ut i Årdalsfjorden. Der vil den størkne raskt, og bek er ikkje løyseleg i vatn. Dette mogleggjer ein rask mekanisk fjerning av ureininga, slik at den miljømessige konsekvensen vert svært redusert. Moglegheita for større lekkasjar frå bektankanlegget er vurdert som svært låg, og ei slik hending vil i liten grad påverke personar som oppheld seg utanfor fabrikkområdet.

INFORMASJON TIL INNBYGGERE I ÅRDAL

Frå Hydro Aluminium Årdal Metallverk

Informasjon i samsvar med offentlig regelverk etter Storulykkeforskriften

Oksygen:

Låge temperaturar (-183 °C).

Farar: Frostskeidar på personar og materialsprøhet.

Oksygenoverskot: Oksygen er ikkje i seg sjølv brennbar, men er oksiderande og underheld forbrenning. Den kan dermed forårsake eller forsterke ein brann.

Brukt katodefôring (SPL)

SPL vert lagra tørt i eige lagerbygg, før vidare transport til mottakar. SPL kan utvikle gassar som ved høge konsentrasjonar kan danne eksplosive gassblandingar. En eventuell eksplosjon vil ha ein redusert konsekvens for lokalsamfunnet, men ved ein påfølgande brann kan ein få danna gasskyer som kan medføre behov for evakuering av personar i røykgassens nedslagsfelt. Dagens rutinar for oppbevaring, handtering og transport av SPL er gjennomgått av NorSas. Moglegheita for ei hending, som definert ovanfor, knytt til SPL ser ein på som svært liten.

Sikkerheitstiltak:

Anlegga er svært godt vedlikehaldne og vert i tillegg regelmessig følgt opp av ansvarlege myndigheiter. Det er høg teknisk sikkerheit på anlegga, og risiko for uhell ser ein på som svært liten. Beredskapsorganisasjonen i bedrifta er dimensjonert for og trenar i å handtere dei farar ogulukkesituasjonar som er definert for bedrifta, i tråd med bedriftas Beredskapsplan.

Dersom det likevel skulle oppstå ein situasjon som tilseier behov for å iverksette akutte tiltak utanfor bedriftsområdet, vil ansvarleg redningsleiing ha moglegheit til å nytte offentlege varslingsystem med Tyfon, som er plassert både på Årdalstangen og i Øvre Årdal, med Signalet:

”Viktig melding, lytt på radio”

Dette signalet blir gitt, ved tre gonger tre signalstøyt, med eitt minutt opphald mellom kvar serie

Hensiktsmessig atferd om storulykke inntreff:

Kva kan du gjere?

- Lytt på radio på kanal ”NRK P1”
- Etterkomme alle instruksar og oppmodingar frå redningstenestene.

Eventuelle spørsmål om Storulykkeforskriften kan rettes til:

- Beredskapsleiar: Geir Fredheim, tlf: 99525135
- Sikkerheitssjef: Kåre Bruhaug, tlf: 952 22 696

Kopi av storulykkerapportene til Årdal Metallverk og Årdal Metallverk Karbon finns på www.Hydro.com. DSB kan og kontaktast for informasjon.

Kontaktinformasjon Årdal Metallverk

Postadresse:

Årdal Metallverk
Postboks 303, 6881 Øvre Årdal

Telefon: 57649000

Kommunikasjonsansvarleg: Are Indreliid 90149845

Miljøtelefon: 57649350